


Installasjon

Forsteg for tilsette

1. Send inn e-post til it-hjelp@hvl.no med mobilnummeret du vil nytte til å få to faktor SMS-ar på, for innlogging med Cisco Anyconnect programmet seinare.
2. Vent til du har fått svar på e-posten din, som har blitt tatt opp som ein sak, om at mobilnummeret du sendte er lagt inn mot brukaren din.

Installasjon

1. Sjekk at du er på HVL sitt nettverk. Anten trådløst med **Eduroam** eller kabla med **docking** eller anna fast oppsett.
2. Start opp nettlesaren din og skriv inn <https://vpn.hvl.no/> i adressefeltet. Legg til anten **Student, Ansatt, FoU** eller anna om du er tildelt det. Gå til nettadressa du har skreve inn, ved å trykkje **Enter**.
3. På denne sida **logger du inn** med HVL kontoen din. Brukarnamn i øvste feltet og passordet i feltet under.
4. Da vil du få spørsmål om ein **seks siffera PIN-kode**, som du vil få på SMS, etter nokre sekundar, på mobilen din, om nummeret ditt er registrert hjå IT sine system. Denne **legger du inn** i feltet og trykk **Enter**.
Om denne SMS-en ikkje kjem, prøv innlogginga på nytt. Om den da ikkje kjem so bør du ta kontakt med IT-hjelp. Om det er din fyrste gong med dette systemet og SMS tenesta fungerer ikkje, så bør du gjere *Forsteg for tilsette*, sjølv om du er ein student eller anna.
5. Når du har komme forbi brukarnamn, passord og PIN innlogginga, så vil du komme til ei nettside der du vil få moglegheita til å laste ned Cisco AnyConnect programvara. Trykk på den blåe **Download for Windows** knappen midt på skjermen. Denne vil tilpasse seg og tilby for MAC, om det er det du nyttar.
6. Når denne installasjonsfila er ferdig nedlasta, så kan du starte installasjonen av programmet ved å **trykkje på fila** og køyra den, som har dukka opp nede mot oppgåvelina i nettlesaren din. Om du har kryssa denne lina vekk, så kan du gå til filutforskar på maskina di og bla fram til mappa **Nedlastingar**. Denne mappa finner du på venstresida i filutforskaren.




Her vil du finne installasjonsfila **anyconnect-win-4.9.04043-core-vpn-webdeploy-k9**.

Nummeret i namnet kan vera annleis om det er oppdatert sidan denne brukarveilinga blei skriven. Denne opnar du da ved å høgreklikke på den og trykkje **Opne**.

7. Trykk **Neste > Eg godkjenner lisensavtalen > Neste > Installer**.
8. Om du nyttar tilsett datamaskin, så vil du her moglegvis trengje administrator passord for å fortsette installasjonen.
9. Trykk **Ferdig**.

Kople til HVL med programmet


1. Start opp programvara.
2. Legg til **vpn.hvl.no/** i tilkoplingsfeltet i Cisco Anyconnect programvara. Som med nettsida legger du til enten **Student, Ansatt, FoU** eller anna om du er tildelt det.



3. Deretter trykkjar du på **Connect** knappen.

Kople frå at HVL med programmet

1. Finn fram programmet. Om det er lukka, så opnar du det på vanleg vis.
2. Til høgre i programmet står knappen **Disconnect**. Denne trykkjar du på.



Kjem ikkje inn?

Om du ikkje kjem inn og du veit IT har fått lagt til mobilnummeret ditt i systema deira, så er truleg problemet mangel på 'avdeling', at brukaren din ikkje er registrert blant brukarar som skal få nytte tilkopplingsleddet du har lagt inn bakom vpn.hvl.no/.

Du kan høyre med lonn@hvl.no om brukaren din er tildelt alt arbeidsstillinga di tilseier den skal ha. Om dei meiner den er det, så får du sende inn e-post til IT-hjelp@hvl.no om tilgongsmanglar på brukaren din kring VPN tilkopling gjennom Cisco AnyConnect programvara.